

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/27/51

av 29. november 2002

om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til maskinoppvaskmiddel, og om endring av vedtak 1999/427/EF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 4632]

(2003/31/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLE-
SKAPA —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsord-
ning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1
andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan felles-
skapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenska-
par som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av
dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal
fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke
for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tilde-
ling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og
kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i
god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som
er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsved-
tak 1999/427/EF av 28. mai 1999 om fastsetjing av mil-
jøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til opp-
vaskmiddel til oppvaskmaskiner⁽²⁾, bør reviderast, slik at
det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes
bør tidsrommet som dette vedtaket skal gjelde for, slik
det vart lengt ved vedtak 2002/173/EF⁽³⁾, og definisjonen
av produktgruppa, endrast.

5) Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett
særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som
skal gjelde i eit tidsrom på fem år.

6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedta-
ket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak
1999/427/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tids-
rom på høgst 18 månader, slik at føretak som har fått
tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for pro-
dukta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til
å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar
med dei nye kriteria.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på
det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet
for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart
oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF)
nr. 1980/2000.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald
av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av
forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit maskinoppvaskmiddel
høyre inn under produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» slik
det er definert i artikkel 2, og stette dei miljøkriteria som er
fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 9, 15.1.2003, s. 11, er
omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/2003 av 11. juli 2003 om
endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den
europeiske unions tidende* nr. 54, 23.10.2003, s. 8.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 167 av 2.7.1999, s. 38.

⁽³⁾ TEF L 56 av 27.2.2002, s. 33.

Artikkel 2

Produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» skal omfatte alle oppvaskmiddel som berre er meinte til bruk i automatiske hushaldsoppvaskmaskiner, og alle oppvaskmiddel som er meinte til bruk i automatiske oppvaskmaskiner som vert nytta av yrkesbrukarar, men som svarar til automatiske hushaldsoppvaskmaskiner med omsyn til maskinstorleik og bruksområde.

Artikkel 3

For administrative føremål vert produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» tildelt kodennummeret «015».

Artikkel 4

I vedtak 1999/427/EF skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. mai 2004.»

Artikkel 5

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2003 til 31. desember 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «maskinoppvaskmiddel», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. januar 2003, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. mai 2004.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «maskinoppvaskmiddel», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. januar 2003, kan fram til 1. januar 2003 få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 1999/427/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. mai 2004.

Artikkel 6

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. november 2002.

For Kommissjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG**MÅLSETJING****Føremåla med kriteria**

Desse kriteria skal særleg:

- minske vassureininga ved at det vert nytta ei mindre mengd oppvaskmiddel, og ved at innhaldet av skadelege delemne vert mindre,
- minske energiforbruket ved at det vert oppmuntra til bruk av oppvaskmiddel som verkar ved låg temperatur.
- avgrense avfallsmengda mest mogleg ved at mengda av primæremballasje vert mindre.

Kriteria gjer dessutan forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av maskinoppvaskmiddel som har liten innverknad på miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Når det krevst at søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet stettar kriteria, kan desse dokumenta kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av laboratorium som stettar dei generelle krava i standarden EN ISO 17025 eller ein tilsvarende standard.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Søkjaren kan eventuelt nytte seinare endringar av databasen for delemne i oppvaskmiddel etter kvart som slike endringar vert tilgjengelege.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (*NB*: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

Funksjonell eining og referansedosering

Den funksjonelle eininga, som inn- og utgåande mengder bør setjast i høve til, er den produktmengda som trengst for å vaske tolv normalt skitne kuvertar (slik det er definert i DIN- eller ISO-standardar). Den doseringa som produsenten rår forbrukarane til å nytte for å vaske tolv normalt skitne kuvertar, skal vere referansedosering under normale tilhøve, i samsvar med IKW-prøvinga av vaskeevne som er nemnd i kriterium 6.

KRITERIUM**1. Skjema for miljøpoeng**

Dei følgjande fem parametranne er tekne med i eit miljøskjema, og vert lagde saman og vurderte som ein heilskap, slik det gjort greie for nedanfor:

- samla mengd kjemikalier,
- kritisk fortynningsvolum, toksisitet (CDV_{tox}),
- fosfat (uttrykte som natriumtripolyfosfat — STPP),
- aerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBD0),
- anaerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBDO),

Tabellen nedanfor inneheld ei oppstilling av desse parametranne og miljøpoenga, grenseverdiane og vegingsfaktorane deira. Formlane som skal nyttast til å rekne ut poenga for kvar parameter og for grenseverdiane, er førde opp nedanfor i bokstav a)-f). Parametranne vert rekna ut for kvart einskilt delemne på grunnlag av doseringa per vask og av vassinnhaldet og masseprosentdelen i eit samansett produkt, og vert deretter lagde saman for kvar einskild produktsamansetnad.

Skjema for miljøpoeng						
Parameter	Poeng				Grenseverdi	Vegingsfaktor
	4	3	2	1		
Samla mengd kjemikalier	16,5	18	19,5	21	22,5	3
Kritisk fortynningsvolum, toksisitet (CDV _{tox})	60	120	180		200	8
Fosfat (uttrykte som STPP)	0	2,5	5	7,5	10	2
Aerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk	0	0,25	0,5	0,75	1	1
Anaerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk	0	0,05	0,10	0,15	0,2	1,5
Påkravd minstepoengsum	30					

NB: Alle verdiane er uttrykte i g/vask, bortsett frå verdiane for CDV_{tox}, som er uttrykte i l/vask.

Vurdering og kontroll: Det skal gjevast ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden, medrekna ei nøyaktig kjemisk utgreiing om delemna (t.d. identifikasjon i samsvar med IUPAC, CAS-nummer, sum- og strukturformlar, reinleik, type og ureiningsprosentdel, tilsetjingsstoff; for blandingar, t.d. overflateaktive stoff: DID-nummer, homologsamansetnad og -fordeling, isomerar og handelsnamn); analytisk prov på korleis overflateaktive stoff er sette saman, og nøyaktig kor mange tonn av produktet som er marknadsførde (talet for det føregåande året skal sendast inn 1. mars).

a) *Toksisitet for vassorganismar*

Kritisk fortynningsvolum for toksisitet (CDV_{tox}) vert rekna ut for kvart einskilt delemne (i) etter denne likninga:

$$CDV_{tox}(\text{delemne } i) = \frac{\text{vekt}(i) \times LF(i)}{LTE(i)} \cdot 1000$$

der vekt (i) er vekta til delemnet per tilrådd dose, LF er lastfaktor og LTE er den konsentrasjonen av delemnet som gjev toksisk langtidsverknad. CDV_{tox} for produktet er summen av CDV_{tox} for kvart einskilt delemne (i):

$$CDV_{tox} = \sum CDV_{tox}(\text{delemne } i)$$

CDV_{tox} skal vere ≤ 200 l/vask.

$$\text{Poeng}(CDV_{tox}) = (5 - (CDV_{tox}/60)) \times 8$$

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om utrekningane av mengda av CDV_{tox} og tilhøyrande poengtal. Dei relevante verdiane i databasen for delemne i vaskemiddel (DID-lista, sjå tillegg I.A) skal nyttast i samband med alle delemne som er førde opp i DID-lista, og nummeret som svarar til det aktuelle delemnet, skal gjevast opp. For nye kjemikalier eller tilleggsdelemne som ikkje er førde opp i DID-lista, skal den framgangsmåten følgjast som det er gjort greie for i tillegg I.B.

b) *Samla mengd kjemikalier*

Den samla mengda av kjemikalier svarar til tilrådd dosering minus vassinnhald i g/vask.

Den samla mengda av kjemikalier skal vere ≤ 22,5 g/vask.

$$\text{Poengtal}(\text{samla mengd kjemikalier}) = (15 - (\text{samla mengd kjemikalier}/1,5)) \times 3$$

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om den samla mengda av kjemikalier og tilhøyrande poengtal.

c) *Fosfat (uttrykte som STPP — natriumtripolyfosfat)*

Fosfat er fosfatmengda i samansetnaden, uttrykte som STPP.

Fosfat skal vere ≤ 10 g/vask.

$$\text{Poengtal}(\text{fosfat}) = (4 - (\text{fosfat}/2,5)) \times 2$$

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om utrekningane av fosfatmengda og tilhøyrande poengtal.

d) *Aerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBD0)*

Aerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk, er mengda av alle aerobe organiske delemne som ikkje kan brytast ned biologisk, uttrykt i g/vask (sjå DID-lista).

aNBDO skal vere ≤ 1 g/vask.

$$\text{Poeng}_{(\text{aNBD0})} = 4 - (\text{aNBD0}/0,25)$$

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om utrekningane av mengda av aNBDO og tilhøyrande poengtal. Dei relevante verdiane i DID-lista (sjå tillegg I.A) skal nyttast i samband med alle delemne som er førde opp i DID-lista. For delemne som ikkje er førde opp i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til aerob biologisk nedbryting. Prøvingane av god biologisk nedbrytingsevne skal utførast i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet, særleg etter dei metodane som det er gjort greie for i vedlegg V.C4 eller tilsvarande OECD 301 A-F-prøvmingsmetodar, eller ISO-prøvingar som svarar til desse. Prinsippet om ei ti-dagarsgrense skal ikkje nyttast. Godkjenningnivåa skal vere 70 % for dei prøvingane som er nemnde i vedlegg V.C4-A og C4-B til direktiv 67/548/EØF (og dei tilsvarande OECD 301 A- og E-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse), og 60 % for C4-C-, D-, E- og F-prøvingane (og dei tilsvarande OECD 301 B-, C-, D- og F-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse).

e) *Anaerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBDO)*

Anaerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk, er mengda av alle anaerobe organiske delemne som ikkje kan brytast ned biologisk, uttrykt i g/vask, med bruk av høvesvise korreksjonsfaktorar (sjå DID-lista).

anNBDO skal vere $\leq 0,2$ g/vask.

$$\text{Poeng}_{(\text{anNBDO})} = (4 - (\text{anNBDO}/0,05)) \times 1,5$$

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om utrekningane av mengda av anNBDO og tilhøyrande poengtal. Dei relevante verdiane i DID-lista (sjå tillegg I.A) skal nyttast i samband med alle delemne som er førde opp i DID-lista. For delemne som ikkje er førde opp i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til anaerob biologisk nedbryting. Referanseprøva for evne til anaerob biologisk nedbryting skal vere ISO 11734, ECETOC-prøving nr. 28 (juni 1988) eller tilsvarande prøvingsmetode, med krav om evne til minst 60 % nedbryting under anaerobe tilhøve. Prøvmingsmetodar som simulerer tilhøva i eit relevant anaerobt miljø, kan òg nyttast for å dokumentere at kravet om evne til minst 60 % nedbryting er oppnådd under anaerobe tilhøve (sjå tillegg I.C).

f) *Samla poengtal*

Summen av poeng (CDV_{tox}) + poeng (Samla mengd kjemikaliar) + poeng (Fosfat) + poeng (aNBD0) + poeng (anNBDO) skal vere ≥ 30 .

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med detaljerte opplysningar om utrekningane av det samla poengtalet.

2. Biologisk nedbrytingsevne hjå overflateaktive stoff

a) *God evne til aerob biologisk nedbryting*

Kvart overflateaktivt stoff som vert nytta i produktet, skal ha god evne til biologisk nedbryting.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet. DID-lista (sjå tillegg I.A) syner om eit særskilt overflateaktivt stoff har evne til aerob biologisk nedbryting eller ikkje (dvs. dei som har ein «J» i kolonna «Evne til aerob biologisk nedbryting», skal ikkje nyttast). For overflateaktive stoff som ikkje er førde opp i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til aerob biologisk nedbryting. Prøvingane av god biologisk nedbrytingsevne skal utførast i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet, særleg etter dei metodane som det er gjort greie for i vedlegg V.C4 eller tilsvarande OECD 301 A-F-prøvmingsmetodar, eller ISO-prøvingar som svarar til desse. Prinsippet om ei ti-dagarsgrense skal ikkje nyttast. Godkjenningnivåa skal vere 70 % for dei prøvingane som er nemnde i vedlegg V.C4-A og C4-B til direktiv 67/548/EØF (og dei tilsvarande OECD 301 A- og E-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse), og 60 % for C4-C-, D-, E- og F-prøvingane (og dei tilsvarande OECD 301 B-, C-, D- og F-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse).

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

b) *Evne til anaerob biologisk nedbryting*

Kvart overflateaktivt stoff som vert nytta i produktet, skal ha evne til anaerob biologisk nedbryting.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal gjevast. DID-lista (sjå tillegg I.A) syner om eit særskilt overflateaktivt stoff har evne til anaerob biologisk nedbryting eller ikkje (dvs. dei som har ein «J» i kolonna «Evne til anaerob biologisk nedbryting», skal ikkje nyttast). For overflateaktive stoff som ikkje er førde opp i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til anaerob biologisk nedbryting. Referanseprøva for evne til anaerob biologisk nedbryting skal vere ISO 11734, ECETOC-prøving nr. 28 (juni 1988) eller tilsvarende prøvingsmetode, med krav om evne til minst 60 % nedbryting under anaerobe tilhøve. Prøvingsmetodar som simulerer tilhøva i eit relevant anaerobt miljø, kan òg nyttast for å dokumentere at kravet om evne til minst 60 % nedbryting er oppnådd under anaerobe tilhøve (sjå tillegg I.C).

3. Farlege eller giftige stoff eller preparat

a) Produktet skal ikkje innehalde delemler som på tidspunktet for søknaden er vortne eller kan verte tildelte ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

R40	(mogleg fare for kreft)
R45	(kan føre til kreft)
R46	(kan føre til arvelege skadar)
R49	(kan føre til kreft ved innanding)
R50-53	(svært giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet)
R51-53	(giftig for vassorganismar og kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet)
R60	(kan skade forplantingsevna)
R61	(kan gje fosterskadar)
R62	(mogleg fare for skade på forplantingsevna)
R63	(mogleg fare for fosterskade)
R64	(kan skade barn som får morsmjølk)
R68	(mogleg fare for varig helseskade)

slik dei er definerte i direktiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet, eller i europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/45/EF av 31. mai 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege preparater⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet.

Alle delemler i dei preparata som vert nytta i samansetnaden som overstig 0,01 vektprosent av sluttproduktet, skal òg stette dette kravet.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med kopiar av tryggleiksdatablad for kvart delemler som er nytta, og ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta. Prøvingsresultat eller tilvisingar til offentleggjorde data skal òg sendast over.

b) Det skal ikkje nyttast konserveringsmiddel som er eller kan verte klassifiserte som R50-53, slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF og seinare endringar av direktivet, eller i direktiv 1999/45/EF og seinare endringar av direktivet, utan omsyn til mengd.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med kopiar av tryggleiksdata for slike delemler og ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta. Prøvingsresultat eller tilvisingar til offentleggjorde data skal òg sendast over.

⁽¹⁾ TEF L 200 av 30.7.1999, s. 1.

c) *APEO, APD, EDTA, NTA*

Følgjande delemne skal ikkje nyttast i produktet, verken som del av sjølve samansetnaden eller som del av eit preparat som utgjer ein del av samansetnaden:

- alkylfenoletoksyilat (APEO) eller andre derivat av alkylfenol (APD),
- EDTA (etylendiamintetraacetat),
- NTA (nitrilotriacetat).

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med ei fråsegn om at produktet ikkje inneheld desse kjemiske sambindingane.

d) *Fosfonat*

Mengda av fosfonat som har dårleg evne til biologisk nedbryting (aerob), skal ikkje overstige 0,2 g/vask.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er stetta.

4. Parfyme

a) *Nitromoskus og polysyklisk moskus*

Nitromoskus og polysyklisk moskus skal ikkje nyttast i produktet, verken som del av sjølve samansetnaden eller som del av eit preparat som utgjer ein del av samansetnaden. Dette gjeld mellom anna følgjande stoff:

Moskusxylen:	5-tert-butyl-2,4,6-trinitro-m-xylen
Moskusambrette:	4-tert-butyl-3-metoksy-2,6-dinitrotoluen
Mosken:	1,1,3,3,5-pentametyl-4,6-dinitroindan
Moskustibetin:	1-tert-butyl-3,4,5-trimetyl-2,6-dinitrobenzen
Moskusketon:	4'-tert-butyl-2',6'-dimetyl-3',5'-dinitroacetafenon
HHCB:	1,3,4,6,7,8-heksahydro-4,6,6,7,8,8-heksametylsyklopenta(g)-2-benzopyran
AHTN:	6-acetyl-1,1,2,4,4,7-heksametyltetralin

b) *Reglar for god praksis*

Alle delemne som vert tilsette som parfyme i produktet, skal vere produserte og/eller handsama etter dei reglane for god praksis som er fastsette av *International Fragrance Association*.

Vurdering og kontroll: Ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden skal sendast over til det rette organet, saman med ei fråsegn som stadfestar at både bokstav a) og b) i dette kriteriet er stetta.

5. Emballasje

a) Vekta av primæremballasjen må ikkje overstige 2,5 gram per funksjonseining.

b) Primæremballasje av papp skal vere framstilt av ≥ 80 % attvunne materiale.

c) Primæremballasje av plast skal vere merkt i samsvar med standarden ISO 1043.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal sende over eit eksemplar av emballasjen til det rette organet som vurderer søknaden. Ei utrekning av mengda av primæremballasje og ei fråsegn om kor stor prosentdel attvunne materiale som finst i pappemballasjen, skal sendast over til det rette organet.

6. Vaskeevne

Produktet skal ha ei tilfredsstillande vaskeevne ved tilrådd dosering etter den standard prøvingsmetoden som er utvikla av IKW, eller etter standarden EN 50242 (slik han er endra nedanfor).

Prøvingane skal utførast ved ein temperatur på høgst 55 °C.

Vurdering og kontroll: Prøvingsrapporten skal sendast over til det rette organet. Det kan nyttast andre prøver enn IKW-prøva eller den endra utgåva av dei prøvingane som er fastsette i standarden EN 50242, dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dersom prøvingsmetoden i standarden EN 50242:1998 vert nytta, skal følgjande endringar gjelde: Prøvingane skal utførast ved 55 °C \pm 2 °C med kald førevask utan oppvaskmiddel. Maskina som vert nytta ved prøvinga, skal vere kopla til kaldtvassleidinga og innehalde tolv kuvertar med ein vaskeevneindeks på mellom 3,35 og 3,75. Tørkeprogrammet til maskina skal nyttast, men det er berre reinleiken til oppvasken som skal vurderast. Eit svakt surt skyljemiddel i samsvar med standarden (formel III) skal nyttast. Skyljemiddeldoseringa skal vere mellom 2 og 3. Doseringa av oppvaskmiddel skal vere slik produsenten har tilrådd. Det skal gjerast tre forsøk der vatnet er så hardt som standarden fastset. Kvart forsøk omfattar fem vaskar der resultatet vert fastlagt etter den femte vasken, utan at oppvasken vert reingjort mellom vaskane. Resultatet etter den femte vasken skal vere betre enn eller identisk med det resultatet som vert oppnådd med referanseoppvaskmiddelet. Samansetnaden av referanseoppvaskmiddelet (oppvaskmiddel B IEC 436) og skyljemiddelet (formel III) er å finne i tillegg B i standarden EN 0242:1998 (tensida skal lagrast kjøleg i vassette romfang på høgst 1 kg og må nyttast innan tre månader).

7. Enzymreineik

Det ferdige enzympreparatet skal ikkje innehalde mikroorganismar frå produksjonen.

Vurdering og kontroll: Ein prøvingsrapport eller eit sertifikat frå enzymprodusenten skal leggjast fram for det rette organet.

8. Forbrukarinformasjon

a) *Opplysningar på emballasjen*

Følgjande tekst (eller tilsvarande) skal finnast på eller i produktet:

«Dette oppvaskmidelet med miljømerking verkar godt ved låge temperaturar(***). Velg vaskeprogram med låg temperatur, fyll oppvaskmaskina før ho vert starta, og ikkje bruk meir oppvaskmiddel enn den tilrådde doseringa. Då vert både energi- og vassforbruket minst mogleg og vassureininga mindre.

Fleire opplysningar om fellesskapsmiljømerket er å finne på Internett-adressa:

<http://europa.eu.int/ecolabel>.

(***) Søkjaren skal her setje inn den tilrådde temperaturen eller det tilrådde temperaturintervallet, som ikkje skal overstige 55 °C.»

b) *Doseringsretteiing*

Produktemballasjen skal vere påført ei doseringsretteiing. Det skal opplysast om tilrådd dosering for «normalt» og «svært» skiten oppvask, og om kor hardt vatnet er der produktet vert marknadsført. Retteiinga skal ha opplysningar om korleis produktet best kan nyttast ut alt etter kor skiten oppvasken er.

Søkjaren skal gjere det mogleg for forbrukaren å følgje den tilrådde doseringa, til dømes ved å gjere doseringsutstyr tilgjengeleg (for pulverprodukt eller flytande produkt) og/eller ved minst å opplyse om tilrådd dosering i ml (for pulverprodukt eller flytande produkt). Emballasjen skal vere påført ei tilråding om at forbrukarane tek kontakt med vassforsyningselskapet eller dei lokale styresmaktene for å få opplysningar om kor hardt springvatnet er.

c) *Opplysningar om delemne på etiketten*

Kommisjonsrekommendasjon 89/542/EØF av 13. september 1989 om merking av vaske- og rengjøringsmidler⁽¹⁾ skal nyttast, og det skal gjevast opplysningar om følgjande grupper av delemne på etiketten:

Enzym: det skal opplysast om enzymtypar,

Konserveringsmiddel: karakteristikk og oppføring på etiketten i samsvar med IUPAC-nomenklaturen (IUPAC: Den internasjonale unionen for rein og bruksretta kjemi).

Dersom produktet inneheld parfyme, skal dette nemnast på emballasjen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av emballasjen, saman med ei fråsegn som stadfestar at både bokstav a), b) og c) i dette kriteriet er stetta.

9. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

«— medverkar til å minske vassureininga,

— medverkar til mindre bruk av emballasje.»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal sende over til det rette organet som vurderer søknaden, eit eksemplar av emballasjen der etiketten er synleg, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

⁽¹⁾ TEF L 291 av 10.10.1989, s. 55.

Tillegg I.A
DID-LISTE

DATABASE FOR DELEMNE I VASKEMIDDEL, OG FRAMGANGSMÅTEN SOM SKAL FØLGJAST FOR DELEMNE SOM IKKJE ER FØRDE OPP I DATABASEN

A. Opplysningane nedanfor for dei delemna som er vanlegast i vaskemiddel, skal nyttast ved uttrekninga av miljøkriteria

(NB: parametreane aNBO, SI, II, THOD og KF-faktorane for anNBO vert ikkje nytta i denne produktgruppa)

Database for delemne i vaskemiddel (DID-liste, versjon av 29. september 1998)

DID-nr.	Delemne	Toksisitet		Last-faktor (LF)	Anaerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBO)	Aerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBO)	Løyslege uorganiske stoff (SI)	Uløyslege uorganiske stoff (II)	THOD
		NOEC målt	LTE						
	<i>Anioniske overflateaktive stoff</i>								
1	C 10-13 LAS (NA \leq 11,5-11,8, C14 < 1 %)	0,3	0,3	0,05	J, KF = 0,75	N	N	N	2,3
2	Andre LAS (C14 > 1 %)	0,12	0,12	0,05	J, KF = 1,5	N	N	N	2,3
3	C 14/17 alkylsulfonat	0,27	0,27	0,03	J, KF = 0,75	N	N	N	2,5
4	C 8/10 alkylsulfat	EC50 = 2,9	0,15	0,02	N	N	N	N	1,9
5	C 12-15 AS	0,1	0,1	0,02	N	N	N	N	2,2
6	C 12-18 AS	LC50 = 3	0,15	0,02	N	N	N	N	2,3
7	C 16-18 FAS	0,55	0,55	0,02	N	N	N	N	2,5
8	C 12-15 A 1-3 EO-sulfat	0,15	0,15	0,03	N	N	N	N	2,1
9	C 16/18 A 3-4 EO-sulfat	Ingen gyldige data	0,1	0,03	N	N	N	N	2,2
10	C 8-dialkylsulfosuksinat	LC50 = 7,5	0,4	0,5	J, KF = 1,5	N	N	N	2
11	C 12/14 sulfocitryremetyler	EC50 = 5	0,25	0,05	J, KF = 0,75	N	N	N	2,1
12	C 16/18 sulfocitryremetyler	0,15	0,15	0,05	J, KF = 0,75	N	N	N	2,3
13	C 14/16 alfaolefinsulfonat	LC50 = 2,5	0,13	0,05	J, KF = 0,75	N	N	N	2,3
14	C 14/18 alfaolefinsulfonat	LC50 = 1,4	0,07	0,05	J, KF = 2,0	N	N	N	2,4
15	C 12-22 såper	EC0 = 1,6	1,6	0,05	N	N	N	N	2,9
	<i>Ikkje-toniske overflateaktive stoff</i>								
16	C 9/11 A > 3-6 EO lin. eller med \dot{e} i forgreining	EC50 = 3,3	0,7	0,03	N	N	N	N	2,4
17	C 9/11 A > 6-9 EO lin. eller med \dot{e} i forgreining	EC50 = 5,4	1,1	0,03	N	N	N	N	2,2
18	C 12-15 A 2-6 EO lin. eller med \dot{e} i forgreining	0,18	0,18	0,03	N	N	N	N	2,5

DID-nr.	Delenne	Toksisitet		Last-faktor (LF)	Anaerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBO)	Aerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBO)	Løyselige uorganiske stoff (SI)	Uløyselige uorganiske stoff (II)	THOD
		NOEC målt	LTE						
19	C 12-15 (Gj.sn. C < 14) A > 6-9 EO lin. eller med ei forgreining	0,24	0,24	0,03	N	N	N	N	2,3
20	C 12-15 (Gj.sn. C > 14) A > 6-9 EO	0,17	0,17	0,03	N	N	N	N	2,3
21	C 12-15 A > 9-12 EO	LC50 = 0,8	0,3	0,03	N	N	N	N	2,2
22	C 12-15 A > 20-30 EO	EC50 = 13	0,65	0,05	N	N	N	N	2
23	C 12-15 A > 30 EO	LC50 = 130	6,5	0,75	N	N	N	N	0(*)
24	C 12/18 A 0-3 EO	Ingen data	0,01	0,03	N	N	N	N	2,9
25	C 12-18 A 9 EO	0,2	0,2	0,03	N	N	N	N	2,4
26	C 16/18 A 2-6 EO	0,03	0,03	0,03	N	N	N	N	2,6
27	C 16/18 A > 9-12 EO	LC50 = 0,5	0,05	0,03	N	N	N	N	2,3
28	C 16/18 A 20-30 EO	EC50 = 18	0,36	0,05	N	N	N	N	2,1
29	C 16/18 A > 30 EO	LC50 = 50	2,5	0,75	N	J	N	N	0(*)
30	C 12/14 glukoseamid	4,3	4,3	0,03	N	N	N	N	2,2
31	C 16/18 glukoseamid	0,116	0,116	0,03	N	N	N	N	2,5
32	C 12/14 alkylpolyglukosid	1	1	0,03	N	N	N	N	2,3
<i>Amfotere overflateaktive stoff</i>									
33	C 12-15 alkylidimetylbetain	0,03	0,03	0,05	J, KF = 2,5	N	N	N	2,9
34	C 12-18 alkylamidopropylbetain	0,03	0,03	0,05	J, KF = 2,5	N	N	N	2,8
<i>Skumhindrande middel</i>									
35	Silikon	EC50 = 241	4,82	0,4	J, KF = 0,75	J	N	N	0,0
36	Parafin	Ingen data	100	0,4	N	J	N	N	0(*)
<i>Blaugjering av tøy</i>									
37	Glyserol	LC50 > 5-10 gl	1 000	0,13	N	N	N	N	1,2
<i>Hjelpstoff</i>									
38	Fosfat, uttrykte som natriumtripolyfosfat (STPP)	120	1 000	0,6	N	N	J	N	0,0
39	Zeolitt A	EC50 = 85	85	0,05	N	N	N	J	0,0
40	Sitrat	124	124	0,07	N	N	N	N	0,6
41	Polykarboksylat og derivat av dei	1 000	1 000	0,4	J, KF = 0,1	J	N	N	0(*)
42	Leire	LC50 = 250	250	0,05	N	N	N	J	0,0
43	Karbonat/bikarbonat	LC50 = 250	250	0,8	N	N	J	N	0,0

DID-nr.	Delemne	Toksisitet		Last-faktor (LF)	Anaerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBO)	Aerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBO)	Løyslege uorganiske stoff (SI)	Uløyslege uorganiske stoff (II)	THOD
		NOEC målt	LTE						
44	Feittsyre (C ≥ 14)	EC0 = 1,6	1,6	0,05	N	N	N	N	2,9
45	Silikat/disilikat	EC50 > 1 000	1 000	0,8	N	N	J	N	0,0
46	NTA	19	19	0,13	N	N	N	N	0,6
47	Polyasparaginsyre, Na-salt	125	12,5	0,13	J, KF = 0,1	N	N	N	1,2
48	<i>Bleikjemiddel</i>								
49	Monoperborat (som borat)	1-10	6	1	N	N	J	N	0,0
50	Tetraperborat (som borat)	1-10	6	1	N	N	J	N	0,0
51	Perkarbonat (sjå karbonat)	LC50 = 250	250	0,8	N	N	J	N	0,0
	TAED	EC0 = 500	EC0 = 500	0,13	N	N	N	N	2,0
52	<i>Løysmiddel</i>								
53	C 1 - C 4-alkoholar	LC50 = 8 000	100	0,13	N	N	N	N	2,3
54	Monoetanolamin	0,78	0,78	0,13	N	N	N	N	2,7
55	Dietanolamin	0,78	0,78	0,13	N	N	N	N	2,4
	Trietanolamin	0,78	0,78	0,13	N	N	N	N	2
	<i>Ymse</i>								
56	Polyvinylpyrrolidon (PVP/PVNO/PVPVT)	EC50 > 100	100	0,75	J, KF = 0,1	J	N	N	0(*)
57	Fosfonat	7,4	7	0,4	J, KF = 0,5	J	N	N	0(*)
58	EDTA	LOEC = 11	11	1	J, KF = 0,1	J	N	N	0(*)
59	CMC	LC50 > 250	250	0,75	J, KF = 0,1	J	N	N	0(*)
60	Na-sulfat	EC50 = 2 460	1 000	1	N	N	J	N	0,0
61	Mg-sulfat	EC50 = 788	800	1	N	N	J	N	0,0
62	Na-klorid	EC50 = 650	650	1	N	N	J	N	0,0
63	Urea	LC50 > 10 000	100	0,13	N	N	N	N	2,1
64	Maleinsyre	LC50 = 106	2,1	0,13	N	N	N	N	0,8
65	Epleysyre	LC50 = 106	2,1	0,13	N	N	N	N	0,6
66	Kalsiumformiat		100	0,13	N	N	N	N	2,0
67	Silisiumoksid		100	0,05	N	N	N	J	0,0
68	Høg molekylære polymerar PEG > 4 000		100	0,4	N	J	N	N	0(*)
69	Lågmolekylære polymerar PEG > 4 000		100	0,13	N	N	N	N	1,1

DID-nr.	Delemne	Toksisitet		Last-faktor (LF)	Anaerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (anNBO)	Aerobe stoff som ikkje kan brytast ned biologisk (aNBO)	Løyselige uorganiske stoff (SI)	Uløyselige uorganiske stoff (II)	THOD
		NOEC målt	LTE						
70	Kumensulfonat	LC50 = 66	6,6	0,13	J, KF = 0,25	N	N	N	1,7
71	Xylensulfonat	LC50 = 66	6,6	0,13	J, KF = 0,25	N	N	N	1,6
72	Toluensulfonat	LC50 = 66	6,6	0,13	J, KF = 0,25	N	N	N	1,4
73	Na-/Mg-/K-hydroksyd		100	1	N	N	J	N	0,0
74	Enzym	LC50 = 25	25	0,13	N	N	N	N	2,0
75	Vanlege parfymeblandingar	LC50 = 2-10	0,02	0,1	J, KF = 3,0	J	N	N	0(*)
76	Fargestoff	LC50 = 10	0,1	0,4	J, KF = 3,0	J	N	N	0(*)
77	Stive	Ingen data	250	0,1	N	N	N	N	0,97
78	Zn-ftaloeyaminsulfonat	0,16	0,016	0,07(**)	J, KF = 2,5	J	N	N	0(*)
79	Anionisk polyester (Soil Release Polymer)	EC50 = 310	310	0,4	J, KF = 0,1	J	N	N	0(*)
80	Iminodisuksinat	23	2,3	0,13	J, KF = 0,25	N	N	N	1,1
<i>Optiske kvitgjeringsmiddel (FWA)</i>									
81	FWA 1 (¹)	LC0 = 10	1,0	0,4	J, KF = 1,5	J	N	N	0(*)
82	FWA 5 (²)	3,13	3,13	0,4	J, KF = 0,5	J	N	N	0(*)
<i>Tilleggsdelemne</i>									
83	Alkylaminoksid (C 12-18)	0,08	0,08	0,05	J, KF = 2,5	N	N	N	3,2
84	Glyserethkokoat (6-17EO)	EC50 = 32	1,6	0,05	N	N	N	N	2,1
85	Fosfaterar (C 12-18)	EC50 = 38	1,9	0,05	J, KF = 0,25	N	N	N	2,3

(¹) FWA 1 = dinatrium 4,4'-bis (4-anilin-5-morfolin-1,3,5-triazin-2-yl) amin stilben-2,2'-disulfonat

(²) FWA 5 = dinatrium 4,4'-bis (2-sulfostrydyl) bifenylyl

(³) THOD for aerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk, er sett lik 0

(**) Snøgg fotokjemisk nedbryting

Merknader:

J = ja, kriteriet skal nyttast

N = nei, kriteriet skal ikkje nyttast

LTE = langtidsverknad

NOEC = konsentrasjon der ingen verknad kan observerast

KF = korleksjonsfaktor for anaerobe organiske stoff som ikkje kan brytast ned biologisk

THOD = teoretisk oksygenforbruk

Tillegg I.B

Følgjande framgangsmåte skal nyttast, der han høver, for delemne som ikkje er førde opp i DID-lista.

Toksisitet i vatn

Kriteriet for kritisk fortynningsvolum, toksisitet, bør reknast ut på grunnlag av dei lågaste validerte dataa om langtidssverknaden (LTE) hjå fisk, *daphnia magna* eller algar.

I tilfelle der det vert nytta data om homologar og/eller QSAR (kvantitative strukturaktivitetstilhøve), kan det vurderast å gjere ein korleksjon for dei endeleg valde LTE-dataa.

Dersom det manglar LTE-data, skal følgjande framgangsmåte nyttast for å rekne ut LTE-dataa ved at det vert nytta spesifiserte uvissefaktorar (UF) på dataa for dei mest følsame artane:

Stoff som ikkje er overflateaktive

TILGJENGELEGE DATA	UF SOM SKAL NYTTAST
Minst 2 akutte LC ₅₀ hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	100
1 NOEC hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	10
2 NOEC hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	5
3 NOEC hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	1
	Lågaste validerte NOEC skal nyttast

Denne regelen kan fråvikast dersom det kan dokumenterast at bruken av lågare faktorar eller data er vitenskapleg grunngeven. NOEC tyder konsentrasjon utan observert verknad (i ei prøve av kronisk toksisitet).

Overflateaktive stoff

TILGJENGELEGE DATA	UF SOM SKAL NYTTAST
Minst 2 akutte NOEC hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	1 (lågaste NOEC)
1 NOEC hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	1 (NOEC, dersom den aktuelle arten er den mest følsame med omsyn til akutt toksisitet) 10 (NOEC, dersom den aktuelle arten ikkje er den mest følsame med omsyn til akutt toksisitet)
3 LC ₅₀ hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	20 (lågaste LC ₅₀)
Minst 1 LC ₅₀ hjå fisk, <i>daphnia</i> eller algar	50 (lågaste LC ₅₀) eller 20 i særskilte tilfelle (sjå nedanfor)

I det siste tilfellet som er nemnt ovanfor, kan det nyttast ein uvissefaktor på 20 i staden for 50 dersom det ligg føre data for 1-2 L(E)C₅₀ (LC₅₀ for toksisitet hjå fisk, EC₅₀ for toksisitet hjå *daphnia* eller algar), og dersom det ut frå opplysningar om andre sambindingar kan slåast fast at det er dei mest følsame artane som det er utført prøving med. Ein slik regel kan berre nyttast innanfor ei gruppe homologar. Det bør strekast under at dei LTE-verdiane (langtidssverknader) som vert nytta, må vere einsarta innanfor ei gruppe homologar når det gjeld innverknaden t.d. frå lengda på alkylkjeda for LAS (lineært alkylbensulfonat) eller frå talet på EO (etoksygrupper) for alkoholetoksylyat, dersom slike QSAR kan fastsetjast.

Alle avvik frå skjemaet ovanfor skal vere godt grunngevene for den aktuelle kjemikalien.


Lastfaktorar

Lastfaktorar skal fastsetjast i samsvar med kommisjonsdirektiv 93/67/EØF av 20. juli 1993 om fastsettelse av prinsippene for vurderingen av risikoene for mennesker og miljø ved stoffer meldt i henhold til rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾ og rådsforordning (EØF) nr. 793/93⁽²⁾.

⁽¹⁾ TEF L 227 av 8.9.1993, s. 9.

⁽²⁾ TEF L 84 av 5.4.1993, s. 1.

Organiske stoff (anaerobe) som ikkje kan brytast ned biologisk: flytskjema for fastsetjing av korreksjonsfaktorar (KF)⁽¹⁾



RB: god evne til aerob biologisk nedbryting
 LTE: langtidsverknad
 KF: korreksjonsfaktor

⁽¹⁾ Korreksjonsfaktorane skal fastsetjast på grunnlag av eigenskapane til delemna og nyttast på doseringa uttrykt som g/vask.

Tillegg I.C

Dokumentasjon som syner evne til anaerob biologisk nedbryting

Den følgjande framgangsmåten kan nyttast for å skaffe fram den dokumentasjonen som er naudsynt for å syne evna til anaerob biologisk nedbryting for delemler som ikkje er førde opp i DID-lista:

1. Nytte rimeleg ekstrapolering

Bruk prøvingsresultata frå éitt råstoff til å ekstrapolere den best moglege evna til anaerob biologisk nedbryting hjå strukturelt nærskylde overflateaktive stoff. Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff (eller for ei gruppe homologar) i samsvar med DID-lista, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. har C 12-15 A 1-3 EO-sulfat (nr. 8 i DID-lista) evne til anaerob biologisk nedbryting, og det er då grunn til å gå ut frå at stoffet C12-15 A 6 EO-sulfat har ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting). Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff ved hjelp av ein høveleg prøvingsmetode, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. kan opplysningar frå litteraturen som stadfestar evne til anaerob biologisk nedbryting hjå overflateaktive stoff i gruppa ammoniumsalt av alkylesterar, nyttast til å dokumentere ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting hjå andre kvaternære ammoniumsalt som inneheld estersambindingar i alkylkjeda eller alkylkjedene).

2. Utføre masseundersøkingssprøve for evne til anaerob biologisk nedbryting

Dersom ny prøving er naudsynt, skal det utførast ei masseundersøkingssprøve ved hjelp av ISO 11734, ECETOC nr. 28 (juni 1988) eller ein tilsvarande metode.

3. Utføre prøving av nedbrytingsevne med låg dose

Dersom ny prøving er naudsynt, og dersom utføringa av masseundersøkingssprøva fører til problem (t.d. hemming på grunn av toksisitet i prøvestoffet), skal prøvinga gjerast om att med ein låg dose av det overflateaktive stoffet, og nedbrytinga overvakast ved hjelp av karbon-14-målingar eller kjemiske analysar. Prøving med låge dosar kan utførast ved hjelp av metoden OECD 308 (august 2000) eller ein tilsvarande metode.
